



SURNADAL KOMMUNE
Kontor

Kommunal- og regionaldepartementet

Postboks 8112, Dep.

0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
RG/06/01630-006

Arkivkode
010 &13

Dato
03.10.2006

**MELDING OM POLITISK VEDTAK -
NOU 2006:7 - DET LOKALE FOLKESTYRET I ENDRING - HØRING**

Vi viser til skriv datert 28.4.06.


Formannskapet har i møte 26.09.2006, sak 0102/06 fatta følgende vedtak:

Surnadal kommune vil som sin uttale til NOU 2006:7 Det lokale folkestyret i endring vise til det som går fram av saksutgreiinga under "Surnadal kommune sine synspunkt på høringa".

Med helsing


Randi Glærum
sekretær

Vedlegg: Samla saksframstilling av sak 102/06 i formannskapet.



SURNADAL KOMMUNE

SAMLET SAKSFRAMSTILLING

NOU 2006:7 - DET LOKALE FOLKESTYRET I ENDRING - HØRING

Saksbehandler: Leif Erik Meese
Arkivsaksnr.: 06/01630

Arkiv: 010 &13

Saksnr.: Utvalg
0102/06 Formannskapet

Møtedato
26.09.2006

NOU 2006:7 - DET LOKALE FOLKESTYRET I ENDRING - HØRING

Vedlegg:

06/01630-001 I Kommunal- og regionaldepartementet
22.08.2006 NOU 2006:7 - DET LOKALE FOLKESTYRET I ENDRING -
HØRINGSdokument

Bakgrunn for saka:

Kommunal- og regionaldepartementet har i skriv av 28.04.06 sendt ut til høyring NOU 2006:7 – Det lokale folkestyret i endring? Om deltaking og engasjement i lokalpolitikken. Denne NOU'en er lokaldemokratikommisjonen si andre delutgreiing, den første delutgreiinga kom i NOU 2005:6 Samspill og tillit.

I innleiinga til NOU'en heiter det m.a. at "Lokaldemokratikommisjonen har hatt i oppdrag å analysere og vurdere vilkåra for og utforminga av lokaldemokratiet. Kommisjonen har lagt eit overordna omsyn til grunn for arbeidet: *Å auke deltakinga og engasjementet i lokalpolitikken.* I arbeidet har kommisjonen tatt utgangspunkt i både mandatet og den pågående debatten om lokaldemokratiet. Mandatet er todelt og arbeidet er presentert i form av to offentlige utgreiingar. Den overordna budskapet frå kommisjonen, dei to utgreiingane sett under ett, er at staten og kommunane har eit felles ansvar for å medverke til eit levande og deltakingsorientert lokaldemokrati."

Kommisjonen sitt mandat i denne andre utgreiinga er m.a.

- ◆ å analysere og vurdere lokaldemokratiets vilkår og utvikling, m.a. å
 - gjere greie for verdigrunnlag, hovudfunksjonar og legitimitetsgrunnlag for lokaldemokratiet,
 - gjere greie for og drøfte kva for konsekvenser utviklinga av forholdet mellom staten og kommunane har for eit levande lokaldemokrati,
 - gjere greie for utviklinga i valdeltakinga og moglege forklaringar på kvifor den er gått tilbake,

- gjere greie for dei folkevalde sine organer sin representativitet, rolle og organisering, arbeidsvilkåra til dei folkevalde og rekruttering til dei folkevalde organ,
 - gjere greie for utviklinga av andre former for deltaking enn valdeltaking,
 - drøfte kva organiseringa av kommunane og fylkeskommunane har å seie for lokaldemokratiet,
 - diskutere media sin rolle i forhold til lokaldemokratiet,
 - utviklinga av lokaldemokratiet i andre land.
- ◆ Sette fram forslag om tiltak.
- korleis leggje til rette for god samhandling mellom staten og kommunane/fylkeskommunen?
 - kva kan ein gjere for å styrke valdeltakinga på kortare og lengre sikt?
 - tiltak mellom vala med sikte på å styrke lokalt engasjement og deltaking?
 - tiltak for å få til ein meir omfattande deltaking i det lokale folkestyret,
 - tiltak som gjer at omsynet til det kommunale sjølvstyret og lokaldemokratiet blir betre tatt vare på i nasjonale beslutningsprosessar.

Vurdering.

For å vurdere og evt. komme med uttale til den utsendte høyringa var det oppnemnd ei arbeidsgruppe med ordførar og rådmann, samt gruppeleiarane i kommunestyret – av desse deltok to i arbeidet: gruppeleiarane for SV og Sp. I arbeidet tok ein utgangspunkt i dei sentrale tema som var lista opp i høyringsbrevet, samt hovudkonklusjonane i NOU'en. Med i vurderinga var og kommunestyret sin høyringsuttale til NOU 2005:6, som blei behandla i møte 20.10.05, sak K 0078/05. Kommunestyret sa i sin uttale m.a. at

- Ved at kommunane står mest mogleg fritt i å utforme politikken, blir det meningsfullt å delta i lokalpolitikken og mulegheitene for å oppnå lokal tilpassing og effektivitet blir auka. Det er naturlegvis behov for innslag av statleg styring på nokre område der det medverkar til auke rettssikkerheit og likeverd. Utan eit godt samspel vil stat - kommune – forholdet bli prega av ueinigheit, låg tillit, ansvarsfråskrivning osv.
- Utan eit lokalpolitisk spelrom blir deltaking i lokalpolitikken uinteressant. Surnadal kommune meiner at alle norske kommunar fortsatt bør vere generalistkommunar som skal ha sine breie ansvarsområde.
- Økonomisk handlingsrom er ein del av det kommunale sjølvstyre.
- Det er vesentleg at mulegheitene for kommunane til å drive samfunnsutvikling blir styrka. Arbeidet med lokalsamfunnsutvikling bidrar til auka engasjement i lokalpolitikken.
- All politikkkutforming bør leggest til folkevalde organ og Fylkesmannen sine oppgåver bør avgrensast til tilsyn, klage og legalitetskontroll og dialog for å sikre at kommunane gjennomfører dei store velferdsoppgåvene slik Stortinget har fastsett.
- Surnadal kommune er einige i at prinsippet om kommunalt sjølvstyre blir grunnlovfesta.

Surnadal sine synspunkt på høyringa.

Ulike tiltak for å få opp valdeltakinga ved lokalval.

Påbod eller premiering?

Kommisjonen har diskutert ei rekkje enkelttiltak for å kunne auke valdeltakinga, eitt av desse er innføring av stemmeplikt, alternativt premiering for dei som faktisk stemmer. Det blir ikkje

tilrådd å innføre slike tiltak då dei meiner at lokaldemokratiet ikkje blir meir vitalt og levande gjennom påbod og lokkemidlar.

Surnadal kommune seier seg samd i denne konklusjonen.

Felles valdagar?

Det er sett fram fleire alternativ når det valdagar. Fleirtalet i kommisjonen går inn for å halde på den ordninga vi har i dag, kor kommunestyre- og fylkestingsval har felles valdag. Alternativt har mindretalet i kommisjonen gått inn for felles valdag både for stortings-, fylkestings- og kommunestyreval, mens eit anna mindretal går inn for felles valdag for stortings- og fylkestings/regionval. Kommunestyreval vert haldne etter dagens ordning.

Surnadal kommune følger kommisjonens fleirtal på dette punktet. Felles valdag for alle vala vil kunne føre til enda mindre fokus på lokalvalet. Det er viktig at det ved lokalval blir drive lokalt valarbeid. Det vil seie at sentrale politikarar ikkje blander seg bort i lokalvalet slik det er i dag, ikkje minst gjennom dei mange sentrale debattar i media. Her blir det stort sett fokusert på overordna partipolitikk og tema og som ofte ikkje er forankra i lokalpolitikken.

Senke stemmerettsalderen?

Spørsmålet om å senke stemmerettsalderen ved lokalval frå 18 år til 16 år er også vurdert. Her er arbeidsgruppa samde med kommisjonen sitt fleirtal om å halde på gjeldande stemmerettsalder. Den bør følgje myndighetsalderen.

Å kunne endre på røystesetelen ved lokalval?

Ved endringa av vallova i 2003 er veljarane sine mulegheiter til å endre på røystesetelen avgrensa til å gje personstemmer (kumulere). Det å kunne stryke kandidatar fell bort. Veljaren har slik no mindre påverknad til å avgjere kven som blir vald inn i kommunestyret. Mange veljarar har gjeve uttrykk for at dette gjer valet mindre interessant og at dei slik unnlet å stemme. Surnadal kommune meiner at det må vurderast på ny å gje veljaren større mulegheiter til å vere med på å avgjere kven som blir vald. Formannskapet sitt fleirtal på 4 medlemmer meiner her spesifikt at loven må endrast slik at veljaren på ny får moglegheita til å stryke kandidatar ved lokalval. Mindretalet på tre medlemmer meiner at gjeldande ordning skal fortsette.

Rekruttering og representativitet i lokalpolitikken.

For kommisjonen utgjer dei politiske partia grunnpillarane i det representative demokratiet. Dei står mellom anna for rekrutteringa til lokalpolitikken, utforminga av partia sin politikk og er både eit koplingspunkt mellom veljarane og dei valde, og mellom politikarar på ulike nivå. Det skjer no ei utvikling med fallande medlemstal og mindre engasjement i dei politiske partia. Desse har ei klar eigeninteresse i å ta desse utviklingstrekkal alvorleg, og kommisjonen vil utfordre dei politiske partia til å ta eit enda større ansvar for å engasjere innbyggjarane i partiarbeid.

Surnadal kommune ser at skal det vere mogleg å betre rekrutteringa vil det ikkje berre vere større fokus på aktuelle saker og at partia i mange tilfelle bør bli betre til å få fram slike saker, som er utfordringa. Dei ytre vilkåra for å kunne delta må også betrast for å kunne få ein representasjon som i langt betre grad enn i dag avspeglar dei ymse lag av samfunnet. Av slike ytre vilkår er det god grunn til å tru har med økonomi å gjere. Den økonomiske godtgjersla som dei folkevalde har krav på må vere slik at ingen blir ekskludert ved at dei opplever privat

økonomisk tap ved å delta. Dette er nok ein grunn til at det er mindre representasjon frå privat sektor i lokalpolitikken enn frå offentleg sektor.

Det er også grunn til å peike på at det ofte kan vere tidkrevjande å delta i offentlege verv, især om ein er med i fleire råd og utval. Møtetidspunkt bør i større grad leggjast til tidspunkt som er tilpassa fleirtalet.

Ulike deltakingsformer utanom det representative lokaldemokrati.

Kommisjonen trekkjer her fram m.a. tiltak som lokale folkerøystingar, bruk av ny teknologi – IKT og bruk av Internett og brukardemokrati.

I dag er det berre spørsmålet om målform i skulen som er omfatta av innbyggjarane sin rett til å krevje folkerøysting. For andre tema er det opp til kommunestyret å fastsetje om dei vil gjennomføre folkerøysting. Å gjennomføre folkerøysting krev både tid og ressursar og vil vel ikkje vere eller bli ei mykje brukt deltakingsform.

Då vil vel heller IKT, bruk av heimesider og dialog med innbyggjarane over Internett ein reiskap som er komme for å bli og som vil kunne nyttast dagleg med små kostnader. Ein ser at datateknologi er særst viktig i dagens samfunn og vil bli meir og meir viktig i arbeidet med å utvikle lokaldemokratiet til å kunne fungere betre og betre.

Å ta med brukarane på råd i aktuelle saker er også viktig. I den samanheng er folkerøysting allereie nemnd, men det kan vere vel så viktig å ta brukarane med på råd i konkrete saker, t.d. som byggjeprojekt og lignende

I tillegg til dette meiner Surnadal kommune at det er viktig å leggje til rette for møteplassar, t.d. gjennom grendamøter for å kunne diskutere spesielle saker, men også samfunnsutvikling for øvrig.

Kommunal organisering og lokaldemokratiet.

Her sett kommisjonen fram spørsmål om den omfattande omorganiseringa som har skjedd rundt omkring i kommunane etter at ny kommunelov kom for om lag 15 år sidan har hatt positiv effekt på det lokalpolitiske engasjementet eller ikkje. Her blir formannskapsmodellen, komitéorganisering og lokal parlamentarisme drøfta. Dei seier at mykje tyder på at lokaldemokratiet er blitt lite styrka i form av høgare aktivitet. Omorganiseringane har meir har vore styringsreformer framfor demokratireformer.

Surnadal kommune har diskutert spørsmålet om direkteval av ordførar. Eit av argumenta for å setje i gang forsøk med direkte val av ordførar er at dette kan vere med å auke interessa for lokalval og dermed auke valdeltakinga. Det er gode argument både for og imot denne ordninga, men arbeidsgruppa meiner at dei uheldige verknadene er større enn fordelane. Det vil vere vel så viktig at partia på førehand tydeleg må gjere kjent kven som er ordførarkandidat.

Surnadal kommune har elles ikkje gått inn i dette temaet, men berre trekt fram at ein ser det som viktig at det blir gjeve god informasjon til innbyggjarane i kommunane om korleis den kommunale organiseringa er og korleis den fungerer.

Frivillige organisasjoner og lokaldemokratiet.

Her trekkjer kommisjonen fram at utviklinga har vist at det har skjedd ei styrking av frivillige organisasjonar med sterkt lokalt fotfeste, mens dei nasjonale organisasjonane sitt grep om den frivillige innsatsen lokalt er redusert. Det blir trekt fram at kommunane har eit ansvar for ein aktiv frivillig sektor og at det er viktig at kommunane på ulike måtar legg til rette for frivillig verksemd.

Surnadal kommune er samde i dette, og vil poengtere at det er viktig å kunne samarbeide.

Arbeidsgruppa si tilråding:

Surnadal kommune vil som sin uttale til NOU 2006:7 Det lokale folkestyret i endring vise til det som går fram av saksutgreiinga under "Surnadal kommune sine synspunkt på høyringa".

Behandling i Formannskapet den 26.09.2006

Votering:

Tilrådinga frå arbeidsgruppa vart samrøystes vedteken.

Formannskapet sitt vedtak:

Surnadal kommune vil som sin uttale til NOU 2006:7 Det lokale folkestyret i endring vise til det som går fram av saksutgreiinga under "Surnadal kommune sine synspunkt på høyringa".

Utskrift sendt: Kommunal- og regionaldept.

